

Fasteaksjonen 2026, tysdag 24. mars

Som tidlegare år går konfirmantane med bøsse under den nasjonale fasteaksjonen i regi av Kirkens Nødhjelp. Hjelpa frå konfirmantane er kjempeviktig! Inntektene går til arbeidet «Håp i kvar dråpe», eit langsiktig prosjekt for å sikre reint vatn til menneske i Tanzania. Til akutt bistand i katastrofe som krigen i Ukraina og Gaza, og den humanitære krisa som fyl krigen i Sudan.

Vi vonar derfor at konfirmantane stiller på dugnad, og gir litt av si tid til å samle inn pengar til dette naudarbeidet. For meir informasjon: <https://www.fasteaksjonen.no/>

Gjennomføring av aksjon

Kvar konfirmant vert tildelt bøsse, ID-kort, ei blokk med Vipps-lappar og kart over roda konfirmanten skal gå.

Rodene er ikkje fordelt i forkant. I utgangspunktet maks 1-2 konfirmantar pr. rode, men det brukes skjøn. Konfirmantane avtalar sjølv kven de vil gå saman med, helst i forkant, om dei ynskjer å gå ilag med nokon?

Konfirmantane treng hjelp frå forsatte med køyring. Rodene kan vere lange å gå og er spredt over heile kommunen.

Utdeling av bøsse

Utdeling av bøsse den 24. mars mellom kl. 17.30-18.00 i kyrkjekjellaren, Sykkylven kyrkje.

Dei som ikkje kan gå med bøsse den 24. mars kan hente bøsse søndag 22. mars nede i kyrkjekjellaren kl. 12.30-13.30, eller på kyrkjekontoret den 19. og 20. mars mellom kl. 10-14, men oftast er det folk der frå kl. 9-16.

Ein kan gå med bøssene f.o.m. søndag 22. mars til innlevering av bøsse 24. mars kl. 20.

Innlevering av bøsse

Innlevering av bøssene kl. 19-20 i kyrkjekjellaren, Sykkylven kyrkje.

Servering av pizza frå kl. 20. Kyrkjekontoret kan ta imot bøsse i opningstida om du ikkje kan kome på kvelden 24. mars.

Endeleg frist for innlevering av alle bøsse er innan kl. 20, den 24. mars.

«Gullbillett»

Det er delt ut 24 gullbillettar til husstandar fordelt rundt omkring i bygda. Konfirmantane som vitjar aktuell husstand vil få «Gullbilletten». «Gullbilletten» bytar ein i eit gåvekort ved innlevering av bøsse.

Tusen takk, for at de stiller opp for Kirkens Nødhjelp!

Venleg helsing Georgia D. Sandberg, Therese U. Aas, Eli Cesilie Myrene og Malin Andrea Uri frå Sykkylven og Ikorndes sokneråd.